

# Eksamen

19.05.2016

DAT3001

System og infrastruktur/Systemer og infrastruktur

**Programområde:** Vg3 Dataelektronikarfaget/  
Dataelektronikerfaget

## Nynorsk

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du gjer og gi ei grunngjeving.</p> <p>Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine, og forslag til løysing på oppgåva.</li><li>• Trekk inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillinga i oppgåva.</li><li>• Gjer greie for resultatet/ konsekvensane av dei faglege vala dine.</li><li>• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter.</li><li>• Bruk eksempel der det er relevant.</li><li>• Bruk fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein måte som er formålsteneleg og kan etterprøvast.</li></ul>

### **Situasjonsbeskriving:**

Du er tilsett som dataelektronikar i ei bedrift. Arbeidsoppgåvene dine består i å planleggja, montera, sette i drift, funksjonstesta, feilsøka på og dokumentera ulike elektroniske apparat og utstyr.

Vel eit system du har erfaring med på Vg3 nivå.

### **Oppgåve 1**

Du får i oppdrag å dra ut til ein eksisterande kunde kor di bedrift har levert komplett datanettverk, utstyr og programvare. Systemet blei levert og montert for 6 månader sidan. Kunden har i den siste tida opplevt at brukarane i 3. etasje ikkje får kontakt med resten av nettverket.

Beskriv korleis du vil gå fram for å finne årsaka til dette.

### **Oppgåve 2**

Ein av dei beste kundane dykkar har fått nye oppdrag, dette inneber at det systemet han har må ha ei oppetid på tilnærma 100 % og ber om ei vurdering av kva dette inneber.

Gjer greie for kva for tekniske og økonomiske konsekvensar dette vil ha for kunden.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven.</li><li>• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger.</li><li>• Gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg.</li><li>• Mestre relevante grunnleggende ferdigheter.</li><li>• Bruke eksempler der det er relevant.</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte.</li></ul>

### **Situasjonsbeskrivelse:**

Du er ansatt som dataelektroniker i en bedrift. Arbeidsoppgavene dine består i å planlegge, montere, sette i drift, funksjonsteste, feilsøke på og dokumentere ulike elektroniske apparat og utstyr.

Velg et system du har erfaring med på Vg3 nivå.

### **Oppgave 1**



Du får i oppdrag å dra ut til en eksisterende kunde hvor din bedrift har levert komplett datanettverk, utstyr og programvare. Systemet ble levert og montert for 6 måneder siden. Kunden har i den siste tiden opplevd at brukerne i 3. etasje ikke får kontakt med resten av nettverket.

Beskriv hvordan du vil gå fram for å finne årsaken til dette.

### **Oppgave 2**

En av deres beste kunder har fått nye oppdrag, som innebærer at hans system må ha en oppetid på tilnærmet 100 % og ber om en vurdering av hva dette innebærer.

Redegjør for hvilke tekniske og økonomiske konsekvenser dette vil ha for kunden.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)